



MILJØPOLITIKK

Andelslaga vil i si verksemd arbeida for at laget sine tømmerleverandørar driv eit bærekraftig skogbruk med aktiv bruk av dei vilkår skogen gir som fornybar ressurs, som tek vare på det biologiske mangfald og dei verdiar skog- og utmarksareal har for kultur, miljø og friluftsliv.

I laget si daglege drift, skal produkt og prosessar utviklast med sikte på å ta vare på miljøet med å skapa ein kontinuerlig forbetring og førebyggjande av forureining. Andelslaga vil dokumentera sitt miljøarbeid for ein open dialog med omgivnaden.

For å verkeleggjera dette, vil laga i si verksemd:

1. Fylgje gjeldande lover og forskrifter.
2. Fylgje "Levende Skog" sine standarardar for eit bærekraftig skogbruk.
3. Ha ei leiing som iverkset nødvendig tiltak for utvikling og forbetring av miljøarbeidet ved å setja opp tydlige og kvantifiserbare mål, og ettersjå at desse vert nådd.
4. Ha ei miljøstryringsystem som tilfredsstillar krava i ISO 14001-2004.

Laga sin miljøpolitikk skal være tilgjeneleg på www.vestskog.no og www.sfskog.no